



Volda-laget i 1916.

Mørk 31/8-1946

Volda Fotballag 30 år.

Som me nemnde i fyrre laurdags- nummer er det i år 30 år sidan Volda Fotballag vart skipa.

Her vart drive med fotballsparking tidlegare ogso, men dette året vart rekna som skipingsår, for då kom det retteleg sving på spelet og treninga, og den fyrste skikkelege kampen var dette året, mot Alesund B.

Før 1916 var her fleire sjølvstendinglag, og dei kjempa mot kvarandre. Nokon domar hadde dei ikkje, anen brukte munnen so godt dei kunde — og nevane når det trøngdest. — Banene var so ymse, og mange stader var der småskog og tuver på bana, som dei kroka millom.

Seinare gjekk dei so saman til eitt lag, og laget mot Alesund såg slik ut, rekna frå mål til ytre vinstre: Bård Helland, Sigvald Hoggen, Peder Osdal, Einar Olsen, Martin Dahl, Karl Andersen, Otto Andreassen, Oskar Gjærder, Rudolf Johansen, Sverre Rasmussen og Mjelde. — Dette laget

slo Alesund med 5—4, etter at Alesund loida 3—0 ved pause.

Volda var det fyrste bygdelaget, men etter kvart kom ogso andre bygger med, og no er det fotballag i mest alle krokar.

Ein kan segje at Volda hev herda seg bra gjennom åra, og det er eit lag ein må rekna med.

I høve jubileet vert det i dag og i morgon halde stor turnering. I dag spelar fyrst Volda mot Nordfjordeid, og deretter Herd mot Måløy. — Vinnarane av desse kampane møtest so i finalen i morgon. — I morgon er det ogso prosesjon frå Uppheimsplassen til Idrottsplassen, der det fyrst vert 3 handballkampar. — Volda Hornmusikk spelar. — Dessutan vert det jubileumsfest i kveld.

Me vil ynskje laget og spelarne lukke til med jubileet, og vonar på framgang og aukande interesse i dei komande år.